
Fra: Anne Sofie Nergård Uthaug <au887@kyrkja.no>
Sendt: mandag 26. august 2019 15.28
Til: Postmottak Meland; Martin Kulild
Kopi: Per Atle Sæle
Emne: Overføring av heimlar
Vedlegg: Avtale om overdraging - heimlar frå kommune til kyrkje.docx

Overføring av heimlar.

Melder med dette inn ei sak til komande møte i Meland kommunestyre om overføring av heimlar frå Meland kommune til Meland sokn. Det er viktig å prøve å få dette på plass snarast som eit førearbeid til kommunesamanslåinga.

Etter kyrkjelova frå 1996 §17.3 skulle alle eigedomar som har hatt kyrkjeleg bruk, i hovudsak kyrkjer og kyrkjegardar, overførast til sokna. Mange stadar har det likevel av ulike grunnar ikkje skjedd, slik også i Meland. I rundskriv frå Kultur – og kyrkjedep. V6-2002 vart det klargjort korleis eigedomsoppryddinga skulle foregå.

No har underteikna i samarbeid med kommunen si avdeling for geodata førebudd saka, og vedlagt ligg eit framlegg til avtale mellom Meland kommune og Meland sokn.

Sjølve Meland kyrkje og omkringliggende kyrkjegard Gnr/bnr 16.31 har Meland sogns allmue som heimelshavar. Her er det berre behov for ei namneendring.

Kyrkjegarden har mange ulike bruksnummer og det er ønskjeleg med ei samanslåing av desse. Dette arbeider Meland kommune med.

Meland gamle kyrkjegard står heimla på privatpersonar, sidan den aldri har vorte formelt skilt ut frå garden Meland. Dette vert det arbeidd med å få ordna parallelt, men det har ikkje innverknad på prosessen mellom kommune og kyrkjesoknet.

Frå 01.01.2020 vil Meland sokn sine eigedomar få Alver kyrkjelege fellesråd som forvaltar, fellersrådet skal opptre på vegner av soknet.

Eg ber om snarleg tilbakemelding på utkast til avtale og om eventuelt anna førearbeid som må gjerast frå vår side før handsaming i formannskap og kommunestyre.

Med venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje i Meland

Tlf 56171485

Mobil 40462647